

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/879 -

DATO: 15.03.2016

**NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØYRINGSFRÅSEGN TIL OMMEDAL KRAFTVERK - SAKSNUMMER 201302966**

Naustdal-Gjengedal verneområde styre viser til søknad om konsesjon til Ommedal kraftverk i Gloppen.

Utbygginga det er søkt om ligg godt utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka.

Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmande i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

I denne søknaden er det lagt opp til to inntak som begge ligg i skogkledd terreng og vassveg som hovudsakleg ligg inne i fjellet. Dette vil truleg ikkje vere synleg frå landskapsvernområdet, og vil derfor etter verneområdet sitt syn ikkje påverke verneområdet negativt.

Styret vil oppmode om at det vert lagt vekt på at alle andre inngrep og anlegg vert gjort so lite synlege i terrenget som muleg.

Utover dette har ikkje Naustdal-Gjengedal verneområde styre merknader til søknaden.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)  
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*